


Tidlegare sjømannsprest, Reidar Ådnanes, hadde ein sentral rolle i salmesongprogrammet i kyrkja måndag kveld.

Trass det dårlege veret var det godt frammøte i Uskedal kyrkje måndag kveld. Tema var åndelege sjømannssongar, salmar og om sjøfolk som omkom på havet eller i framande hamner. I 1938 døydde den 26 år gamle sjømannen Oskar Bringedal, gift med Borghild Fet, på sjukehus på den karibiske øya Curacao. Dei hadde sonen Johan Emil. 1956 omkom far til Reidar Ådnanes, Lars Ådnanes, i eit forlis med frakteskuta MS SAGVAAG sør for Egersund, på seglas frå Odde til Oslo med karbid. Begge familieane har i dag ei grav å gå til.

*Jeg er en seiler på livets hav* er tittelen på den salmen som ofte vert brukt i gravferder for sjøfolk. Salmen er frå 1909 og er fyrste gong trygt i Frelsesarmeen sitt blad Krigsropet. Salmen fortel det meste om livet som vert samanlikna med ein seglas, ei reise i godt ver, men også i storm og med uklar kurs. Andre salmar med same tema er: *Ein båt i stormen duva*, *Gud signe vårt folk der dei sigler og ror og Tårnhøye bølger*.



MS SAGVAAG i karbidfarten mellom Odda og Oslo. Forliset var i 1956 der mannskapet omkom og vart funnen på ein nedisa flåte. Mannsgruppa i kyrkjekoret Nordsaang, Bakmennene, opna kvelden med Jakob Sande sin tekst Åndeleg sjømannssong frå diktsamlinga Det kveldar på Kobbeskjer ( 1961 ). Reidar Adnanes framførte på ein meisterleg måte fleire tekstar av Sande, knytta til sjøen.



Mannsgruppa Bakmennene opna salmekvelden med Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande, her forsterka med barytonen Reidar Adnanes.

Den tidlegare sjømannspresten fortalde om Sjømannskyrkja sitt arbeid før og no. Ikkje minst var det viktig å få vita meir om kyrkja sitt arbeid med å bistå familiar som misser nokon av sine i andre land. Det er ikkje automatikk

i å få dekkja kostnader med heimsending om ein døyr langt borte frå heimen. Det er ei forsikrings sak, men Sjømannskyrkja hjelper til med minnestunder og kontakten med pårørande.

Uventa fekk kyrkjelyden eit kort møte med systrene Laila Halvorsen og Kirsten Vermedal. Far deira Kristian Vermedal frå Tysnes var sjømann, døydde og ligg faktisk gravlagd i Wilhelmstad på Curacao, på den same plassen der familien Bringedal var tilbake og fekk sett i stand Oskar si grav. Laila og Kirsten har ikkje vore på faren si grav, men dei veit at grava finst og er intakt.

Salmekvelden vart avslutta med songen Har du fyr av Ole Bremnes, framført av Reidar Ådnanes med tonefylgje av kantor Eva Megyesi.

Ei offergåve til Sjømannskyrkja gav inntekter på meir enn kr. 4.000,-

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Per Bringedal/ arkivfoto av MS SAGVAAG



Oskar Bringedal si sjømannsgrav på Curacao er i dag restaurert og teken vare på for framtida.